



Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Jostein Kvakland
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3191 - 22/53437

Saksbehandlar:
Lars Ottar Sagstad
lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no

Dato:
29.06.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 467/13 Namtveit

Tiltak: Endring av fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 467/13
Tiltakshavar: Terese Bondevik Skår
Ansvarleg søkjar: Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.04.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Søknaden har vore på høyring til regionale mynde og det er gjeve fråsegn i saka frå Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Fråsegna fylgjer som vedlegg.

Før kommunen kan ta stilling til søknaden, og oversending til Vestland Fylkeskommune, er det naudsynt med fylgjande supplering av søknaden:

1. Søknaden må supplerast med eit situasjonskart som syner avstand frå tilbygg til vegmidte.
2. Riktig siktsone må teiknast på situasjonskartet jf. uttale frå Vestland Fylkeskommune.
3. Snitteikningar for jordvollen må sendast inn.

Kommunen sender på nytt saka over til Statsforvaltaren i Vestland og ber dei vurdere om tiltaket krev dispensasjon frå verneforskrifta knytt til marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane. Dykk får kopi av i eige forsendelse.

Dykk står naturlegvis fritt til å avklare forhold knytt til dispensasjon frå veglova direkte med Vestland Fylkeskommune og om det er naudsynt med dispensasjon frå verneforskrifta med Statsforvaltaren i Vestland.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.09.2022**. Om det er naudsynt med lengre frist grunna ferie, ta kontakt med undertekteikna.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen eller anna frist er avtalt, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Lars Ottar Sagstad
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Terese Bondevik Skår

Kanalveien 11
Slettevegen 49

5068 BERGEN
5936 MANGER